

NR. 1 – MAI 2026 | 31. ÅRGANG



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

Foto: Ivar Magne Bergheim



No livnar det i lundar

HVOR ER JESUS?

Av biskop Ingeborg Midttømme



Vi har nettopp flyttet inn i andre kontorlokaler. De ligger bare en liten trapp opp, så alt kunne bæres fra det ene lokalet til det andre. Møblene ble flyttet først mens alt annet ble lagt i esker. Jeg hadde helt bevisst valgt å la være å pakke ned noe jeg ville ha fram med en gang. En av disse tingene var en tovet modell av Jesus slik han framstår på altertavla i Domkirken. Bordet han hadde sittet på var plutselig flyttet, men hvor var Jesus?

Jeg fant ham på naborommet, på det som hadde vært mitt kontor. Der lå han i et hjørne på gulvet ved siden av det store lyset jeg alltid har hatt på bordet. Dette ble som dere nå får lese, en hel liten andakt for meg. Jesus var ikke borte. Jesus var igjen der hvor alt annet var tatt bort. Jesus fylte på en forunderlig måte rommet med sitt nærvær der han lå. Da jeg tok ham bort, ble det virkelig tomt. Vi lever i en krevende tid med fortsatt krig i Europa, med militær opprustning, usikkerhet og mistillit. Vi er mange som strever med store ting i eget liv eller står nær andre som gjør det og kan kjenne på bekymringer for framtida. Noen kjemper bokstavelig talt for livet.

Jeg fant Jesus på gulvet. Det ble der og da en synliggjøring av at det ikke er noe sted vi mennesker kan være, hvor Jesus ikke er. Jesus som kom og ble som nyfødt lagt blant halm og strå for å holde varmen i den kalde natten. Jesus som ble et flyktningbarn og levde flere barneår med venting på å få komme hjem. Jesus som selv erfarte sult, tap og dyp sorg. Jesus som gråt.

Det er ikke noe sted vi mennesker er, og det er ikke noe vi mennesker møter hvor Jesus ikke er sammen med oss. Løftet blir gitt på nytt og på nytt ved hver eneste dåp: «Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Nå har våren kommet med sitt lys som viser alt det vakre rundt oss. Lyset som gir spirekraft til alt som skal vokse og gro. Det er den gode siden av lyset. Den andre siden er at vi lett tenker at det kan være mye i våre liv som ikke tåler dagens lys. Det er i mange sammenhenger riktig. Selv om det ikke tåler dagens lys, er det ikke noe i livet som ikke tåler lyset fra Jesus. Han kom for å kaste lys over alt vi bærer på. Nytt lys. Guds nådige lys.

Selv om vi tilsynelatende lever i en nådeløs tid, lever vi hele tiden omsluttet av Guds nåde og hans nærvær i alt og gjennom alt. Kanskje var det dette Erik Bye hadde sett gjennom sitt lange liv i møte med mange mennesker da han skrev sin salme:

*«Jeg synger meg en blå, blå salme
til deg du Hånd som sanker og som sår
og senker deg med signing over jorden
med legedom for alle våre sår.
Som byr oss rette ryggen,
stå opp og gå i strid.
Med løftet hode skal hver sjel
gå inn i Herrens tid.
Så synger vi vår salme.»*



SONGGLEDE I KYRKJA

Av Tormod Lien

Fiksdal er ei aktiv bygd med mange ulike aktivitetar, der lokalbefolkninga er flinke til å støtte opp om det som skjer. Ein av fjorårets konsertar, 4. søndag i advent i Fiksdal kyrkje, bar preg av ettertanke og gode minner i nydeleg songglede, som vanleg gjennomført med stort engasjement.

Lokale aktørar som Fiksdal/Rekdal Janitsjar ved dirigent Jan Erik Hellenen, Fiksdalstausene, Fiksdal Fjas og Fuge ved dirigent Brigitta Hauge og Tomrefjord Songlag ved dirigent Jostein Maude. Mannskoret og Lars-Josteins var ikkje med denne gong.

70 år med Tomrefjord Songlag

Fiksdal/Rekdal Janitsjar vil gjerne ha fleire nye musikarar med i korpset. Så spelar du eit instrument og har lyst til å vere med på ein sosial aktivitet, kontakt leiar Tore Ellingseter, som elles er ein levande tals-person for det meste som skjer i bygda. Fiksdalstausene og Fiksdal Fjas og Fuge var begge innslag som krydra ein hyggeleg kveld i kyrkja.

Tomrefjord Songlag feira i fjor sitt 70-årsjubileum. Koret har pr. dato i underkant av 30 medlemmar, med kantor Jostein Maude som den folkekjære og meisterlege kantor. Det humoristiske koret, som er på leiting etter nye songarar, syng alt frå populærmusikk, gospel og salmar. Maude og songarane uttrykkjer stor trivsel, glede og harmoni.

Fire prektige damer i «Fiksdalstausene» gjorde suksess med sin opptreden. To innslag med innleving, der ei av damene gjorde publikum merksam på at innslaga ikkje er spesielt av den kristne sorten, men engasjerande og til stor glede. Dei understreka sjøl at innslaga deira er fine.



Då dirigenten i Tomrefjord Songlag, Jostein Maude, fekk orden på papira sine, var den dyktige gjengen klar for sine syngande innslag.



Eit relativt ferskt kor i bygda, Fiksdal Fjas og Fuge med dirigent Brigitta Hauge, imponerte med sine to innslag.





Vestnes kyrkje.
Foto: Jostein Bø



Tresfjord kyrkje.
Foto: Ivar Magne Bergheim



Vike kyrkje.
Foto: Emil Balstad



Vågstranda kyrkje.
Foto: Tormod Lien



Fiksdal kyrkje.
Foto: Ivar Magne Bergheim

PROSESJONSKORS I KYRKJENE

Av Ivar Magne Bergheim

Praksisen med prosesjonskors i Den norske kyrkja har vorte meir og meir utbreidd dei seinare åra. Vi må heilt attende til mellomalderen og før-reformatorisk tid for å finne opphavet. Prosesjonskrusifiks blei nytta i mellomalderen under kyrkjelege prosesjonar. I tida etter reformasjonen var dei nesten heilt ute av bruk. Men i andre halvdel av 1900-talet vart dei igjen tekne i bruk.

I den romersk-katolske og anglikanske kyrkja blir korset brukt i samanheng med lys og røykjelse. I dei ortodokse kyrkjene er det ulike tradisjonar, men tradisjonelt har det vore brukt når patriarken held liturgi. Bruken i metodistkyrkja og dei lutherske kyrkjene er omtrent den same. Korset blir bore opp frå våpenhuset og fram til altaret gjennom midtgangen ved starten av gudstenesta, og blir plassert synleg og i nærleiken av altaret, som regel på venstre sida – evangelistsida. Korset er eit Kristus-symbol som representerer Guds nærvær i gudstenesta. Ingen set seg ned før det er på plass i korshaldaren framme ved altartavla. I Den norske kyrkja er det oftast klokkaren eller ein annan frivillig som ber korset framfor prosesjonen på dei store festdagane, og ved spesielle høve som dåp, familiegudstenester, hausttakkefest etc. Eit prosesjonskors blir rekna som inventar i kyrkja, og skal ha godkjenning frå biskopen, og finst no i alle dei 5 kyrkjene i Vestnes.

Vestnes kyrkje fekk sitt prosesjonskors rundt 1997/98. Det er anglikansk inspirert, er i messing og har fire symbol som symboliserer dei fire evangelistane Matteus (menneske med venger), Markus

(løva), Lukas (oksen) og Johannes (ørna). Det er eit såkalla Firpass-kors som er ein relatert form Treplass som står for treeininga. Heile ornamentikken i kyrkja er bygd rundt Treplass. Korset vart kjøpt på den katolske bokhandelen i Oslo.

Tresfjord kyrkje fekk sitt kors truleg på starten av 2000-talet. Dette er eit innkjøpt kors og laga av messing.

Vike kyrkje fekk sitt kors i 2014. Det er eit enkelt kors i messing plassert på ein stav laga av tre. Det er innkjøpt hos firmaet Savile Row AS – Kirketorget.

Vågstranda kyrkje fekk sitt kors i 2020. Det er eit trekors laga til kyrkja sitt 150-årsjubileum av Johan Brudeli frå Verma.

Fiksdal kyrkje var sist ute, og dette korset var laga av Sven Bernt Ellingsæter frå Fiksdal i 2025. Det er laga av bjørk, og profilen er etter eit kors som heng på veggen ved sida av preikestolen i kyrkja. Dette var montert øvst på altartavla frå 1907, som no heng på nordvestveggen. Korset vart teke ned og flytta opp på veggen i samband med restaureringa av kyrkja sitt 100-årsjubileum i 1966.

Alle korsa er jamt i bruk i alle kyrkjene under ulike prosesjonar. Sjølv om det har vore ein meir katolsk skikk, ser det ut som denne har festa seg også i vår kyrkje.

Kjelder: Wikipedia, Store Norske Leksikon, nettside til Den norske kyrkja, lokale ressursar.



MIN SALME

Av Bodil Bryn Kvistad.
Bodil er klokkar i Vestnes kyrkje.

Det er vanskelig for meg å velge bare en salme, vår salmeskatt er et mangfold, som jeg ikke har oversikt over. Jeg har levd en stund, og ble introdusert for kristen sang og musikk gjennom Ten-sing-bevegelsen i konfirmasjonstiden. En salme jeg satte pris på da, er nr. 455 i salmeboka: *Fall til ro*. Det tok meg mange år før jeg opplevde det den salmen formidler til fulle, livet går mange krokveier.

Vi har nettopp feiret påske, den fineste påskesalmen for meg er nr. 197 – *Deg være ære!* Å takke og tilbe for det under at Jesus døde og stod opp for min/vår skyld, blir gjort for sjeldent!

I voksen alder har jeg satt pris på mange av salmene til Svein Ellingsen, spesielt nr. 586 – *Fylt av glede over livets under*. Den rommer alt fra livets begynnelse, til dets slutt og omfavner oss alltid, uansett hvor vi er i livet eller hva vi strever med, så er Han som bærer verdensrommets dybder nærværende i våre liv. Salmen viser oss mysteriet Gud.

*Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet.*

*Fylt av beven foran ukjent fremtid
legger vi vårt barn i dine hender.
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.*

*Fylt av undring er vi i din nærhet!
Du som bærer verdensrommets dybder,
venter på de små og tar imot oss.*

*Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje,
er vi født på ny til liv i Kristus,
til et åpent liv i tro og tillit.*

*Og ved tidens grense lever fortsatt
dine løftes-ord ved døpefonten,
dåpens lys forblir når livet slukner.*

*Større rikdom enn hva ord kan romme,
har du gitt oss gjennom dåpens gave.
Herre, la vår tro bli fylt av glede!*

BEHOV FOR LITT STILLE REFLEKSJON? NYTT TILBOD I VESTNES KYRKJE VÅREN 2026

Av Tone Roaldsnes, leiar Vestnes sokneråd

Sokneråda i Vestnes har opp gjennom åra drive ulike former for møteverksemd, bibeltimar og undervisningskveldar. Denne våren vil vi prøve ut eit litt annleis opplegg.

Verda rundt oss er i uro, og midt i dette kan mange av oss ha behov for litt stille ettertanke og ro.

Sokneråda sitt undervisningsutval inviterer til månadlege samlingar i

Vestnes kyrkje. Vi møtast uforpliktande og utan påmelding.

Vi er så heldige at vi har fått teolog Signe Hellevik til å leie desse samlingane. Signe er nok kjent i Vestnes som både tidlegare kyrkjeverje og sokneprest. Ho vil på desse samlingane leie oss inn i ein stille refleksjon over ein enkel bibeltekst. Deretter samlast vi til ein samtale der den som ønskjer

det kan dele tankar og refleksjonar omkring teksten. Den som berre vil lytte, står heilt fritt til det.

Målet med samlinga er ikkje å gi nokon fasit. Målet er vekst og inspirasjon til dei som deltek. Samlinga blir avslutta med enkel kveldsmat.

Første samlinga var i Vestnes kyrkje tysdag 24. februar.

TRUFAST TENAR I OVER 30 ÅR

Av Tormod Lien

I meir enn tre tiår har Hans Sylte frå Tresfjord vore eit fast og trygt innslag i kyrkja. No har 75-åringen passert 30 år som kyrkjetenar, ei teneste prega av pliktkjensle, omsorg og eit varmt hjarte for kyrkja



Hans og Kari har det som plomma i egget i sitt nydelege hus langs Øvstedalsvegen i Tresfjord

– Eg trivst best når eg kan vere til nytte, seier Hans, med smilet på lur.

Som kyrkjetenar har han hatt ansvar for alt frå førebuing til gudstenester og gravferder, til praktisk tilrettelegging ved dåp, konfirmasjonar og bryllaup. Lys skal tenast, kyrkjerommet skal vere klart, klokker skal ringjast og alt skal skje med ro og verdigheit.

God oppleving i kyrkja

– Det handlar om å leggje til rette slik at andre kan få ei god oppleving i kyrkja, seier han.

Gjennom åra har Hans opplevd både stille kvardagar og store høgtidsdagar. Særleg julaftan og konfirmasjonsdagane har sett spor.

– Det er noko eige ved dei dagane når kyrkja er fullsett og folk samlast på tvers av generasjonar, fortel han.

Mange i kyrkjelyden kjenner Hans som ein stødig og hjelpsam mann, alltid klar med ei hand når det trengst. For prestar, organistar og frivillige har han vore ein uvurderleg medarbeidar.

Takksam for innsatsen

– Hans er sjølv berebjelken i det praktiske arbeidet, seier ein kollega.

Trass i at han nyleg har fylt 75 år, ein dag som vart feira med familien, har han ingen planar om å gje seg heilt enno.

– Så lenge helsa held og eg kjenner at eg har noko å bidra med, vil eg halde fram, seier Hans. Han fortel at han tidlegare hadde ansvar for sjølv kyrkjegarden, som no er teke over av andre. Han synest no det er nok å ha ansvar for alt som går føre seg i kyrkja.

Kyrkjelyden er takksam for innsatsen gjennom alle desse åra – og for det trygge nærværet Hans framleis er i kyrkjerommet.

Headhunta til jobben som kyrkjetenar

Hans vaks opp som nabo av kyrkja, og meiner det har vore ein viktig faktor for at kyrkja har hatt ei stor rolle. Som barn fekk han ofte vere med å ringe med kyrkjeklokkene. Han ler då han fortel korleis han vart kyrkjetenar i si tid. På godt norsk vart han rett og slett headhunta. Den dåverande kyrkjetenaren vart brått innlagt i sjukehus. Hans vart kontakta av soknerådsleiaren med ei klar beskjed om å komme til gudsteneste påfølgjande dag. Han fekk opplæring, og sidan har han vore kyrkjetenar i bygda. Det vart ikkje søkt på noka stilling, men han skreiv under på eit papir, kan han hugse.

Praten går laust inne i stova på den flotte bustaden langs Øvstedalsvegen, der Hans bur saman med kona Kari. Saman har dei to vaksne barn. Huset som Hans bygde sjøl, liknar med sitt torvtak meir på ei hytte. Naturtomta ligg i idylliske omgjevnader rett ved skogkanten, med gode naboar.



Hans Sylte på veg inn til huset som han sjølv har bygd. Tidlegare budde han i sentrum, med kyrkja som næraste nabo

Kyrkja er ein fin plass

Hans har lite erfaring med arbeidstid frå kl. 08 til 16. Han har utdanning som møbelsnikkar, eit yrke han ikkje stod så lenge i. Husbygging, der han fekk vere ute, var noko han treivst med. Gardbrukar og snikkararbeid har vore hans største aktivitet. Frå 1993 og fram til han vart pensjonist, var han vaktmeister i kommunen, som også var ein jobb han likte godt.

Å møte folk og få vere sosial, er noko Hans trivst med. Jobben i kyrkja er ein fin plass der han får treffe folk. Hans gjer alt klart til gudsteneste kvelden før. Han er først på plass, og er klar for sine viktige oppgåver. Når alt er ferdig og alle har gått heim til sitt, står Hans åleine i kyrkjerommet. Da er det berre ryddinga i kyrkja som står att.



MYKJE GOD TEOLOGI I EI SØLJE

Av Anne Marit Riste, prostiprest og prostesekretær, Molde domprosti

No på våren er det mange som hentar fram att bunadssølvet sitt i samband med 17. mai eller høgtidsdagar i familien. Søljer og nåler og knappar er vakre og verdifulle gjenstandar, og den største verdien er ofte affeksjonsverdien – verdien som er knytt til at vi har arva det eller fått det.

Men visste du at bunadssølvet ditt er fullt av kristen symbolikk? Dei færraste av oss er klar over det. Dette er kunnskap som nesten har gått i gløymeboka.

Ein sølvsmed som såg ringen min – ein bunadsring frå Valdres, som eg ofte går med fordi eg synest den er fin og fordi den er heimanfrå – fortalte meg om dette for nokre år sidan. Og eg syntest det var så interessant!

Bunadssølv er meir enn pynt og det er meir enn eit uttrykk for kvar vi kjem frå. Det fortel også om ein kristen arv. Dei gamle søljene vart til i ei tid der dei færraste kunne lese og skrive. Bruk av symbol var meir vanleg og meir forståeleg for dei fleste. Her får du ein liten smakebit. Kanskje kjenner du ein sølvsmed eller andre som kan fortelje deg meir.


Om du tek ein titt på bunadssølvet ditt vil du sannsynlegvis finne mykje talsymbolikk.

2-talet finn vi gjerne på nålene som held skjorta saman i halsen. Ofte i form av to knappar som sit tett saman. Dette er eit symbol for Jesus, for inkarnasjonen, at Jesus har to naturar, han er både Gud og menneske.

3-talet går mykje igjen. Det er talet for Gud, som er tre i ein: Fader, Son og Heilag Ande.

12-talet finn vi ofte på større søljer. Dei er gjerne utforma som ein krans, med 12 (eller 24) like delar, ofte med skåler eller ringar på. Dette er talet for dei tolv læresveinane. I midten finn vi Jesus. Av og til utforma som eit synleg midtpunkt. Andre gonger i form av eit opent rom, kanskje ein rest av det gamle forbodet mot å avbilde Gud?

12 er deleleg på 3. Det er også deleleg på 4. 4 er talet for dei fire verdshjørna: Nord, sør, aust og vest – og alt som er i mellom – altså heile skaparverket. 3 og 4 blir til saman 7, som er eit heilagt tal, eit tal som symboliserer at det guddommelege og det jordiske møtest og smeltar saman.



Hjarteforma søljer (ofte med krone over) er eit gammalt Maria-symbol. Jomfru Maria som vart mor til Guds Son. Og på knappar, mansjettknappar og nåler kan ein finne 5-bladsroser, som er eit Olavs-symbol. Heilag Olav står som sjølv symbolet på kristninga av landet vårt.

Slik blir bunaden ikkje berre ein måte å vise rikdom, sivilstand eller kvar i landet vi har røtene våre. Bunadssølvet minner oss også på at vi høyrer til i eit større fellesskap - den verdsvide kyrkja. Gud vart menneske i Jesus Kristus – og vi får høyre til i det fellesskapet som veks fram rundt han.

SENIORKAFÉ I REGI AV VESTNES DIAKONIUTVAL

Av Nils-Berge Sundfør

Ein fin vinterkveld i byrjinga av februar hadde diakon Ellen Edvardsen og diakoniutvalet i Vestnes invitert til seniorkafé.

Diakon Ellen har mange jern i elden, og denne kvelden hadde ho saman med felles diakoniutval i kommunen invitert bebuarane på Senior Plaza til seniorkafé. Dei hadde pynta småbord og laga nydelege smørbrød som stod klart på kjøkkenet. Opplegget er gratis for dei som deltek.

Då alle hadde funne ein plass rundt småborda, kunne Ellen ynskja hjarteleg velkommen med nokre velkomstdikt. Songaren og musikaren Bernt Fylling, saman med gitaren sin, trylla så fram vakre viser og songar. Han spela og til allsongane, og mykje song og musikk vart det i løpet av kvelden.

Kyrkjebladet ville gjerne vite kva opplegg dette er, og får ein kort prat med Ellen like før arrangementet starta. Ho fortel at ho saman med diakoniutvalet har hatt liknande arrangement ein gong i året. Første året reiste dei til Hjertøya med båt saman med flyktingar som har busett seg i Vestnes. Dei to neste åra var det opplegg på friluftsområdet på Vike – det eine året for busette flyktingar og det andre for småbarnsforeldre. Denne gongen ynskta dei å gjere noko for dei eldre, så då vart det Senior Plaza sin tur.

På spørsmål om diakoniutvalet vil halda fram med liknande arrangement, får Kyrkjebladet positivt svar. Eigentleg skulle dei hatt opplegg for Senior Plaza i haust, men av ulike årsaker vart det utsett til februar, eit tidspunkt som etter kvart passa bra.

Så får vi sjå kven som blir invitert neste gong diakoniutvalet planlegg nytt arrangement.



Nydeleg dekkja småbord



Sangar og muskar Bernt Fylling og diakon Ellen Edvardsen



Liv Gisnås (t.h.) i prat med Nancy Stokseth



Glimt frå senior-kaféen




Ellen Edvardsen presenterer diakoniutvalet, f.v. Ellen Andreassen, Liv Gisnås, Inger Marit Talberg, Wenche Rødal og Sølvi Heggdal

SIMON VIL BLI ORGANIST

Av Tormod Lien

16-årige Simon Edvardsen frå Vestnes har mål som lett vekkjer oppsikt. Han har spela piano så lenge han kan hugse. Dei siste åra har fokuset vore å spele orgel. Han går første året på musikklinja i Molde, og planen no er å bli organist.



16-årige Simon Edvardsen i full konsentrasjon med orgelet i Vestnes kyrkje.

Han har allereie hatt oppdrag i Vestnes kyrkje. I tillegg til å spele orgel, er han aktiv medlem og ungdomsleiar i KRIK (Kristen Idrettskontakt) med samlingar kvar veke i Vestneshallen som inkluderer ei kort andakt. Dette er eit tilbod for ungdom frå åttande klasse og oppover.

Med organist som sitt mål, er han klar over at ting kan endre seg. Etter dei neste to åra på musikklinja,

kan også andre moglegheiter opne seg. Simon er reflektert og har klare meiningar om livet og det som ligg føre han.

Under den årlege orgelfestivalen i Stavanger får han opplevingar med å spele ulike stykke, i tillegg til å møte andre med same interesser.

Simon har fått mykje av den viktige undervisninga heime av pappa Asle Klock. No får han orgelundervisning i Molde domkyrkje av domkantor Magnus Moksnes Myhre. Simon er den første på 20 år som får ei slik undervisning i Molde.

- Domkyrkja har eit spesielt godt orgel som er både stort og godt å spele på. Den gode akustikken er også viktig for å få fram den rette lyden, seier Simon Edvardsen, som verkar svært så truverdig i sitt noko spesielle yrkesval.



Simon, kanskje vår komande organist, alltid avslappa og smilande.

TA VARE PÅ SKAPARVERKET – SORTER AVFALLET DITT!

Vi ber alle besøkande på Vestnes kyrkjegard om å sortere avfallet sitt riktig:

- Det er viktig å bruke den eigne behaldaren for batteri (frå gravlys og liknande), då desse er brannfarlege og ikkje skal i det vanlege restavfallet.
- Alt som kastast i det organiske avfallet, kan bli til jord som kan brukast på gravplassen!
- Sjøppelkassane på kyrkjegarden er kun for gravstell, privat avfall skal ikkje kastast her.

Takk for at du bidreg til ein grønar gravplass!!



NOKRE GLIMT FRÅ DIAKONEN



Kjekt å «leike» palmesøndag med «palmegreiner» og «ri» på esel, rope hosianna, vaske føter, pynte korset med påskeliljer, og «springe om kapp» i midtgangen. Påskevandring for barneagar og 1. klasse i heile kommunen.

Ein herleg gjeng på 10+, eit tilbod for dei som går i 5. – 7. klasse.



Vi koser oss på sittedans

Før Allehelgenssøndag får dei som ønsker det og som har mista ektefelle eller små barn, ein engel kalla «sorg» i tillegg til ei helsing. Gjennom året besøker diakonen dei som av ulike grunnar har behov for det.



SIN KVARDAG

*Kule konfirmantar!!
Her er konfirmantane
i Fiksdal
og Tomrefjord*

*Konfirmasjonstur til
Trondheim = mektig
inntrykk av ein
storslått Katedral*



*KRIK Vestnes har treningar i
Vestneshallen heile året i tillegg
til 2 helgeturar i året.*



*Strandafjellet byr på
utfordrande løyper og nydeleg
natur = ein populær plass for
KRIKkarane!!!*

17 ÅR OG KLOKKAR

Av Tormod Lien

Ein ung ressurs tek ansvar i kyrkja. Herman Hjelvik frå det litle bygdesamfunnet i Hjelvika, er nok ikkje heilt som ungdomar flest. Han er berre 17 år, men nyleg tilsett som klokkar i kyrkjene Tresfjord, Vike og Vågstranda.

Den reflekterte og målbevisste ungdommen har fått eit uvanleg og tillitskrevjande verv. Han har no tenestestad i tre av våre kyrkjer. Slik har Herman blitt ein viktig medspelar i gudstenestelivet og i møte mellom kyrkja og bygdefolket.

Aktiv rolle i gudstenesta

Som klokkar har Herman ansvar for ulike oppgåver både før, under og etter gudstenestene. Desse oppgåvene er i tett samarbeid med prest og kyrkjetenar. Hovudoppgåva blir å lese bibeltekstar. Trass i den unge alderen, viser Herman både ro, ansvarskjensle og stor interesse for arbeidet i kyrkja. Noko av det som overraska han, er at klokkaren ikkje ringer med kyrkjeklokkene, då det er oppgåva til kyrkjetenar.

At ein så ung person tek på seg ei slik oppgåve, blir sett på som svært positivt. Kyrkja treng engasjerte unge som vil vere med og forme framtida. Herman er eit godt døme på nettopp dette. Han møter både kyrkjelyd og tilsette med respekt,

og har allereie blitt ein naturleg del av gudstenestefellesskapen.

I møte med Kyrkjebladet, fortel Herman at det er kjekt å få vere med å bidra i kyrkja. Han opplever allereie trivsel i jobben og er taknemleg for den tilliten han har fått.

Han fortel at alt starta noko tilfeldig. I ein samtale etter ei gudsteneste i Vike kyrkje før jul, kom temaet på bane, der han vart anbefalt å vise si interesse. Han ler litt når han fortel om dette, mest fordi ein slik jobb verka noko fjernt. 17-åringen gjekk nokre rundar med seg sjølv, og møtte opp på jobbintervju, før avtalen med Kyrkjeverje vart signert.

– Eg skjønnte fort at dette var ei moglegheit eg ikkje ønska å miste. Klokkar-funksjonen var så ukjent for meg, at det var ei overrasking at jobben er betalt. Det verka både spanande og praktisk gjennomførlig. Betre blir det til våren, då eg kjem til kyrkja på eigen motorsykel, ler Herman, ikkje overraska om han blir den einaste..



Vestnes kyrkjekontor er basen for mi tilsetjing, fortel 17-årige Herman Hjelvik, som er både innstilt og motivert til å verke som klokkar.

Gode referansar

Tilsetjinga av Herman som klokkar viser at kyrkja er ein stad der unge kan få ansvar, utvikle seg og bruke evnene sine i fellesskap med andre. Vi ønskjer Herman lukke til i tenesta, og takkar for innsatsen han gjer for kyrkja og bygdesamfunnet.

Nytilsett kyrkjeverje, Hege Haugen, fortel det var to søkjarar til stillinga, men valet fall på Herman, som var open for heile stillinga som gjaldt kyrkjene Tresfjord, Vike og Vågstranda.

Herman er 17 år med gode referansar, mellom anna frå KRIK. Han gav eit svært godt inntrykk allereie på første møte. Vi er glade for å ha fått han med på laget, seier Hege Haugen, kyrkjeverje i Vestnes kommune.

Herman går elektrolinja på Molde vidaregåande skule, og ambisjonane har han klar. Målet er maritim elektro i Ålesund neste år. Draumen vidare er utdanning i militæret som skips-elektrikar, men førebels er han klokkar i Tresfjord-, Vike- og Vågstranda kyrkje.



Etter si første gudsteneste som klokkar i Vågstranda kyrkje, stiller Herman opp saman med ein av sine samarbeidspartnarar, sokneprest Tarjei Løvik.

Kyrkja er viktig å ta vare på

Av Tormod Lien

I over 50 år har dei vore kollegaer som snikkarar, tvillingbrørne Svein og Jarle Honningdal, busett på Bjermeland mellom Tresfjord og Vestnes. Det har vorte lite feriar, men yrkeskarrieren starta med ei veke ferie etter dei var ferdige med folkeskulen i 1975. Den 18. august dette året, starta dei for fullt som snikkarar utan yrkesutdanning. Dei hadde det i fingrane, og sjølve profesjonen hadde dei frå sin far som var båtbyggar.

Like som to dråpar vatn, har Jarle og Svein alltid halde saman. Det har stort sett berre gått i arbeid, hobby har dei ikkje hatt tid til. Dei er naboar i kvart sitt hus på Bjermeland, med ein stor og godt utstyrt verkstad. Jarle har tre vaksne barn, medan Svein er barnlaus. Samtalen går føre seg på arbeidsplassen, med høvelbenk, eiga sag og anna nødvendig utstyr som er viktig i eit krevjande yrke.

Følgjer fars fotspor

Det er ikkje berre dei to som har snikkarfaget i blodet. Sønene til tvillingbroren Jarle, Daniel (23) og William (22), som er fødte inn i det, har allereie hatt fleire store oppdrag som snikkarar i familiebedrifta. I motsetning til sine forgjengarar, har unggutane allereie fått med seg viktig skulering innan faget. Dermed er etterkommarane på plass. Jarle og Svein når pensjonsalderen neste år. Lite tyder på at dei vil legge opp arbeidet av den grunn.

Latteren sit laust medan praten går. Ikkje rart at tvillingbrørne er

godt likt blant folk. Dei er sosiale, smiler og ler. Noko av det som er unikt med dei to, er at dei alltid har hatt arbeid, sjølv om dei aldri har annonsert. Jungeltelegrafan og gode referansar har erstatta dyre annonseutgifter.

Den store etterspørselen fortel noko om kvaliteten på arbeidet. Då dei arbeidde for Måndalen Bygg, bygde dei opp kyrkja i Sykkylven heilt frå botnen av. Sidan har dei hatt fleire kyrkjer dei har måla og restaurert. Kors, Grytten, Voll, Fiksdal og Vågstranda er kyrkjer som har blitt oppjustert.

Rikdom med gammal rate

Oppdraget i Vågstranda kyrkje var å bytte bordkledning, reparere vindaug og måle heile kyrkja. Dette er arbeid dei likar godt, då dei synest det er viktig å ta vare på dei gamle kyrkjene. Otrøy kyrkje er neste oppdrag, og fleire kan det bli.

Under samtalen ved saga kjem dei inn på bruken av mobiltelefon, som har tatt heilt av. Folk flest snakkar i telefonen i alle samanhengar.



Tvillingbrørne Svein og Jarle Honningdal med lang arbeidserfaring. Jarle tek fram den gamle høvelen og handhøvlar ein takås til hytta som vert bygd på verkstaden.

Folk snakkar ikkje lenger saman som før. Bruken av data meistrar dei så akkurat. Den eine av dei to fortel at han ikkje lenger brukar TV. Det tek for lang tid. Mykje positivt kan gjerast i staden for å sitje i godstolen.

Dei yngste brørne står midt i eit viktig hytteprosjekt, der dei er med på å bygge hytta inne på verkstaden, før den blir flytta til fjells. Bordkledning til kyrkjer er også laga ferdig i verkstaden. Alle dei fire som gjer alt i faget sitt, utfører arbeidet med flid fordi dei trivast. Brødrene Honningdal vil eksistere i mange år, til glede for dei sjølve og for alle dei som treng hjelpa deira.

Inne på verkstaden deira er det mykje gamle ting, materiell, glasruter og verktøy som blir nytta i arbeidet. Alt treng ikkje å vere nytt, meiner dei to.

– Den som ikkje he` gammal rate, den er fattig, seier Svein Honningdal, og får med seg Jarle, som er halvtimen eldre, på ein god latter som kjem frå hjartet.



Med kunnskapen i fingrane. William (22), Svein (66), Daniel (23) og Jarle (66).

Den namna minnelunden på Vestnes kyrkjegard tek form

Av kyrkjeverje Hege Haugen

Den namna minnelunden på Vestnes kyrkjegard er ikkje lenger berre ein idé. No går prosjektet vidare med lokal forankring og solid framdrift.

Arbeidet med den namna minnelunden på Vestnes kyrkjegard tek stadig tydelegare form. Etter ei grundig førebuing kan vi no vise fram konkrete skisser for korleis området er planlagt.

Frå starten av har ei arbeidsgruppe arbeidd med prosjektet. For å sikre ei heilskapleg og fagleg god utforming har vi knytt til oss landskapsarkitekt Mari Klauset Hagen. I tillegg har vi engasjert lokal prosjektleiar, Jostein Bø, som skal bidra til god framdrift og trygg gjennomføring. Vi ønskjer at dette skal bli eit anlegg som er gjennomtenkt og solid – både fagleg og økonomisk.



Fellesrådet har gjort vedtak om å arbeide vidare med etableringa, og saka har vore på høyring i Vestnes sokneråd. Det har vore viktig for oss å forankre prosjektet lokalt før vi sende søknaden vidare.

Minnelunden ligg framleis inne i kommunen sin økonomiplan, men med planlagt realisering i 2028. Vi vurderte at behovet er til stades allereie no, og ønskte ikkje å vente så lenge. Prosjektet blir difor finansiert gjennom bruk av investeringsfond og private gåver.

Ein av dei som tidleg engasjerte seg, var avdøde Inge Engås. Han tok kontakt etter å ha lese om planane i kyrkjebladet, og ønskte å bidra til realiseringa. Inge gav ein stor sum til prosjektet. Det er vi djupt takksame for. Gåva har hatt stor betydning for framdrifta i arbeidet.

Den førebelse kostnadsramma er om lag 1,5 millionar kroner. Endeleg budsjett og detaljprosjektering kjem i neste fase, når prosjektet er godkjent. Søknaden til Statsforvaltaren er sendt, og vi ventar no på svar.

Lokal identitet og tidlaust uttrykk

I arbeidet med utforminga har vi lagt vekt på at minnelunden skal ha ei tydeleg lokal forankring og eit tidlaust uttrykk.

Båtbyggjartradisjonen på Vestnes har vore ein viktig del av lokalsamfunnet i mange år. Tanken om solid handverk og materiale som står seg over tid har også vore førande i arbeidet med minnelunden.

Midt i anlegget kjem eit lysbord som naturleg samlingspunkt. Forma er inspirert av havet og dei mjuke, flytande linjene. Bordet blir utført i blå larvikitt, med ei utstansa plate i cortenstål over.

Lysbordet er ikkje berre eit symbol. Det skal vere god plass til å setje ned lys, og er tenkt som ein stad der ein kan stanse opp. Det blir integrert LED-lys i ramma, slik at området får eit mjukt og stille lys – også i mørketida. Når lysa står tende, kan dei minne om små båtar



på havet – eit bilete som knytter utforminga til identiteten vår.

Materialvala er robuste og krev lite vedlikehald. Stein og cortenstål eldest på ein naturleg måte og vil stå seg godt over tid.

Målet er at dette skal bli ein varig og verdig stad – forma av lokal identitet og skapt for komande generasjonar.

Ønskjer du å bidra?

For å realisere prosjektet har vi oppretta ein Vipps-spleis for dei som ønskjer å støtte arbeidet. Vipps-spleisen er i regi av Vestnes sokneråd, som overfører midlane i sin heilskap til Vestnes kyrkjelege fellesråd når aksjonen er avslutta.

Du kan gi via Vippsnummer 41120 eller til kontonummer 4056.20.37154. Ved bruk av kontonummer, merk gjerne innbetalinga med «støtte til namna minnelund».



NY LEIAR I FELLESRÅDET

Av Nils-Berge Sundfør

Ein fin vinterdag i februar tek Kyrkjebladet turen over Tresfjordbrua til Vike. Der skal vi bli litt betre kjent med den nye leiaren i Vestnes Kyrkjelege Fellesråd, Emil Balstad, og dei oppgåvene eit fellesråd i kommunen arbeider med. Emil har no teke over stafett-pinnen etter Thor Ringsby, som Kyrkjebladet i førre nummer hadde ein samtale med.

Vestnes Kyrkjelege Fellesråd er eit fellesorgan for alle sokneråda i kommunen. I tillegg til ein representant frå kvart av råda, er også ein kommunepolitkar og biskopen, ved ein av prestane, medlemmar. Kyrkjeverja er sekretær. Fellesrådet har forvaltningsansvar for kyrkjebygga og kyrkjegardane, og dessutan arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, utanom prestane. Dei er tilsette av Møre bispedømme. Saker som blir handsama er ofte av økonomisk karakter, men også andre saker som kjem sokna ved.

Emil Balstad har vore med i både fellesrådet og Vike sokneråd i fleire periodar. Oppgåvene til sokneråda skal ha med det åndelege å gjera, og for fellesrådet er det i hovudsak det materielle. Vi er avhengig av oppgåvene til kvarandre. Er ikkje det praktiske med kyrkjer og kyrkjegardar i orden, kan det og verta vanskeleg å gjennomføra sokneråda sine oppgåver, fortel Emil.

Emil er agronomutdanna, og har brei erfaring innafor teknisk område. Etter å ha jobba ein kort periode i Bergen, byrja Emil i 1988 som landmålar i Vestnes kommune, og i 2014 som leiar for tekniske tenester fram til han nyleg gjekk av med pensjon. Han fortel at kommunen i alle år har hatt eit godt samarbeid og forhold til kyrkjekontoret og kyrkjeverja. I Vestnes er det tekniske tenester som har ansvar for graving på kyrkjegardane. Kommunen har

vore inne med kompetanse når det gjeld investeringar og prosjekt i Fellesrådet, og Emil fortel at det har vore interessant å kunna delta frå den kommunale sida. Han har alltid hatt sansen for formålet til kyrkja.

Her på Vestnes har vi 5 kyrkjer som fellesrådet har ansvar for, etter at Vågstranda vart med i kommunen for nokre år sidan. Tresfjord kyrkje er frå 1828, tre av kyrkjene frå 1870-talet, den nyaste, Vike kyrkje, frå 1970. Kyrkja er viktig i lokalsamfunnet, og kommunen stiller opp med økonomi, men heile tida er det prioriteringar. Som kjent er det heller ikkje flust med pengar i Vestnes kommune. Det har likevel i lang tid vorte brukt pengar på kyrkjebygningane våre, vedlikehaldet krev sitt, og kommunen har forståing for at det trengs investering også innan det kyrkjelege området. Her peikar Emil særskilt på at å ha ein representant frå kommunepolitikken i fellesrådet, no representert ved ordføraren, er ein styrke. Så relasjonen mellom Fellesrådet og Kommunestyret i Vestnes er god.

Fellesrådet har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette utenom prestane. Det er eit breitt fagfelt for kyrkjeverja å ha oversyn over, men me har vore heldige og har hatt, og har fått dyktige kyrkjeverjer, som kan sjå løysingar frå nye synsvinklar og ser kva som er viktig. Her kan nemnast betre system med digitalisering av data knytt til kyrkjer og kyrkjegardar, og enklare løysingar når det gjeld drifta.

I neste prosjekt, som er nytt tak på Vågstranda kyrkje, er det fint å nytte seg av den erfaringa Emil har frå kommunal sektor, når ein skal ut på anbudsrunde. Eit anna prosjektet som er i gang no, namna minnelundar, desse har eigen omtale her i Kyrkjebladet.



Emil vil halda fram med arbeidet som er gjort tidlegare, mellom anna betyr det mykje korleis kyrkjegardane våre tek seg ut. Det har stor betydning for folk flest og for dei som har sine kjære der. Men og for dei som stoppar og tek kyrkja og kyrkjegarden i augesyn. Kyrkjene er kulturskattar ein må ta vare på, her er også dugnad i kyrkja og på kyrkjegarden ein viktig bit, både for ein sjølv og for lokalsamfunnet.

Til slutt nemner Emil det gamle bedehuset på Vike, som var «gamleskulen på Vike» i si tid. Gamleskulen var den første fastskulen i kommunen, og har no blitt flytta til dagens skule/barnehage, og er i dag blitt skulemuseum. Fram til kyrkjekjellaren (som og er tilfluktsrom for Vike kyrkje), vart sett i stand som møterom, vart det gamle bedehuset brukt til misjonsmøter, søndagsskule osv. Men når kyrka vart bygd, kom bedehusaktiviteten inn i kyrkjekjellaren og er ein samlingsstad for kristen aktivitet. Emil peikar på at når særleg mange unge i dag søker kristne verdier, så må me vera klar til å ta imot dei, involvere dei og la dei få delta.

Emil er glad i Den norske kyrkja, glad for ho finst over heile landet og han har alltid følt seg heime i kyrkja. Kyrkjebladet ynskjer lykke til som leiar i Fellesrådet framover.

KYRKJEVERJA SITT HJØRNE

Av kyrkjeverje Hege Haugen

Vi forvaltar for dei som kjem etter oss

Kyrkjene våre står der fordi nokon før oss tenkte lenger enn si eiga levetid. Dei bygde ikkje for seg sjølve – dei bygde for komande generasjonar.

Slik er det òg når vi i dag forvaltar kyrkjebygga og gravplassane i Vestnes.

Ei kyrkje er ikkje berre eit bygg. Ein gravplass er ikkje berre eit areal. Det er stader som ber på minne, tru, historie og fellesskap. Dei skal vere der – ikkje berre i dag, men om 50 og 100 år.

Når vi no arbeider med planar for ei namna minnelund på Vestnes kyrkjegard, gjer vi det med dette

perspektivet. Det handlar ikkje berre om å etablere eit nytt tilbod. Det handlar om å skape ein verdig og varig stad – ein stad å kome til, setje seg ned, tenne eit lys og minnast.

I slike prosjekt er kvalitet og varigheit avgjerande. Difor tek vi oss tid til å planleggje godt og sikre heilskaplege løysingar. Regelverk og nasjonale rammer er der for å hjelpe oss med nettopp dette. Vi byggjer ikkje for ei kort løysing – vi byggjer for eit evig tidsperspektiv. Det same gjeld arbeidet med kyrkjene våre elles – vedlikehald, restaurering og gode rutinar i kvar dagen. Forvaltning handlar ikkje om å forbruke. Det handlar om å ta vare på noko vi berre har til låns.

Fellesrådet har ansvar for å forvalte kyrkjene og gravplassane på vegner av fellesskapet. Mi oppgåve som kyrkjeverje er å leie dette arbeidet i det daglege. Saman skal vi ta vare på det som er overlevert til oss – og byggje vidare med respekt for både historia og framtida.

Vi står i ei tid der mykje endrar seg raskt. Nettopp då treng vi stader som står fast. Kyrkja skal vere ein slik stad – open, trygg og tilgjengeleg for alle, uansett livssituasjon.

Spørsmålet vi stadig må stille oss, er: Kva slags kyrkje vil vi vere for dei som kjem etter oss?

Det er eit ansvar. Men det er òg eit privilegium.

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag–torsdag kl. 08.30–15.00

Hege Haugen, kyrkjeverje

928 19 059, hege.haugen@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær (fri fredager)

941 62 548, reidun.blø@vestnes.kommune.no

John Sylte, sokneprest

918 65 064, john.sylte@vestnes.kommune.no

Tarjei Løvik, sokneprest

913 35 565, tarjei.lovik@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

974 99 175, ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås, trusoppplærar

941 42 364 (jobb) / 414 72 908 (privat)
ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kontor

922 26 151, jostein-maude@hotmail.com

Andrew Lange, kyrkjjetenar

405 48 156, treetimeandy@yahoo.co.uk

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité:

Asbjørn Gisnås, Nils-Berge Sundfør,
Ivar Magne Bergheim,
Tormod Lien og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret
Myra 3, 6390 Vestnes

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Vi er avhengige av gåver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet

Kontonummer: 4056.20.62124
Vippsnummer: 511986

Det er mogleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.



KONFIRMANTAR I VESTNES KOMMUNE VÅREN 2025



Vestnes kyrkje 02. mai Tomrefjord-konfirmantar

Gruppe 1 – kl 10.30

Jonas Krogsæter
Mathias Lundgren
Peder Frostad Lyngvær
Xander Seanpierres Catane
Gjelstenli
Varg Øverås Kvamsøe
Jon Markus Sveia Sanden

Gruppe 2 – kl. 12.30

Emma Sofie Sponberg Dale
Ugne Daniute
Alice Gjerde
Nikoline Aakernes Gjerde
Sigrid Wilhelmine Skjegstad
Neraas
Michaela Dragnes Nakken
Andrea Konstanse Djupvik Roald
Linn Bente Sundet

Vike kyrkje

Ingen konfirmanter i år

Vestnes kyrkje 09. mai kl. 11.00 Vestnes-konfirmantar

Johan Aas
Sara Edvardsen
Jaden Alexander Grüner
Sigrid Bergset Hestenes
Emil Nergård Karlsen
Iselin Nerhus-Solbakken
Kristoffer Viktor Roald
Maria Lund Salthammer
Alva Aileen Rypdal Svensli
Aria Natalie Tomren-Fredrikstad
Vincent Jægersen Ulvestad

Vestnes kyrkje 14. mai kl 10.30 Vestnes-konfirmantar

Iben Alexandra Furland Frostad
Mia-Elvira Gjelsten-Løken
Anna Oline Neraas Grüner
Thea Josefine Holseter
Leah Antonia Holseter
Tyr Håseth
Amanda Sunisa Sanden
Tali Elise Scharf
Isak Emilian Stave Sæther
Yna Angela Marie Villegas
Unlayao

Vågstranda kyrkje 14. mai kl. 11.00

Silje Gisnås-Bråten
Håkon Kjersem
Mikael Talberg Patterson
Jakob Angvik Pedersen
Hans Kristian Pedersen Ringstad
Ailo Kormeset Skorgen

Tresfjord kyrkje 23. mai kl. 11.00

Ludvik Bruaset
Truls Haugland Hjelvik
Veronica Lyakhovyn Krogseth
Camilla Lie
Elise Lindset
Ayleen Fiksdal Mjøs
Adrian Sætre
Synne Eirin Vestnes

Fiksdal kyrkje 23. mai kl. 13.00

Tobias Ringsby
Thor Ole Ringsby
Thomas Ringsby
Oliver Havnsund Otterlei
Fabian Liabø Hanssen

TAKK TIL ALLE SOM GJER KYRKJEBLADET MOGLEG!

Redaksjonen i Kyrkjebladet ønsker å rette ein stor takk til alle som bidrar til at bladet lar seg gjere å få til utan at vi må ha reklame i bladet. Så takk til alle som betaler inn gåver til drift av bladet – utan dykk ville ikkje dette la seg gjere!

Neste nummer av bladet kjem til advent.



Mange balltimar i Vike kyrkje

Av Tormod Lien

Potetball i Vike kyrkje har metta mange magar kvart år heilt sidan 2010. Det er Vike sokneråd som står som arrangør, og kvart år er det lang kø til ballgryta og gode hjelparar. Trass mykje folk er det alltid nok ball til alle.

På to timar er alt over. Då har dei også hatt tid til sal av årar med mange fine gevinstar. Mange gler seg allereie til neste års balldag på Vike.

Balldagen på Vike er alltid samkøyrte og godt organisert. Det er mange roller som skal fyllast, og alle er på plass der det trengst ei hjelpande hand.

Oddleif Bøe er ein av dei som har koka ball heilt frå starten i 2010. Saman med kona Grete Aud har dei budd på Vike i mange år. Oddleif er født og oppvaksen i Stryn, og hamna etter vart på Marstein i Rauma. Soknerådet med fleire

på Vike ser på Oddleif som sin mentor.

Liv Randi Balstad fortalde under fjorårets arrangement at dei kvart år legg ned mange timar før den populære middagen ligg klar på tallerkenen til alle besøkande. Fleire dagar er ein gjeng opptatt med å førebu årets balldag, før dei endeleg ser resultatata på sjølve dagen.

Det er prisverdig at enkelte har vore med i over 15 år for å lage trivsel og hygge med smaken av potetball. Rundt 100 ball-etande bygdefolk møter fram i Vike kyrkje kvart år.



Potetball med mykje anna godt, samlar bygdefolk kvart år i Vike kyrkje.

SLEKTERS GANG

Vestnes kyrkje

Døypte:

23.11. Nova Lovise Storsten Eik
23.11. Millian Hahn Strømsnes
23.11. Frida Nakken Silseth
07.12. Lucas Vik Hovde
11.01. Emily Kjersem Tomren
11.01. Nellie Bårdsnes Tomren
11.01. Frida Lervik Sagen
01.02. Lotte Eik Dahle
15.02. Jonah Kanishi Halkjelsvik
01.03. Henry Alexander Isaksen
29.03. Agnes Bårdsnes Mehl
29.03. Felix Ødegård Hjelvik
29.03. Frida Finnøy Kotsbakk
29.03. Edvard Fredvig-Heimland
05.04. Oliver Brastad Mikkelsen

Døde:

10.11. Edvard Helge Brandshaug
11.11. Liv-Torill Olsvik
15.11. Kjell Per Rekdal
18.11. Signar Fagerheim
28.11. Ruth Bergem Osdal
01.12. Arne Kåre Tennebo
01.12. Gunvor Nøklebye Lervik
04.12. Svein Erling Grindøy
11.12. Anne Lise Ofstad

18.12. Henny Beate Gangstad
24.12. Arild Grytten Husevåg
26.12. Ingebjørg Kvæven Tøvik
27.12. Inger-Elise Hole
28.12. Else Marie Øverås
18.01. Solveig Førde
24.01. Inge Engås
31.01. Ingebjørg Mattland
Moldver
02.02. Arne Kåre Monstad
06.02. Ragnar S. Bårdsnes
06.02. Leif Øverås
08.02. Kåre Martin Haugen
19.02. Cato Andreassen
07.03. Arvid Leif Hansen
13.03. Sten Bjørn Frostad
31.03. Kåre Skogvoll

Tresfjord kyrkje

Døypte:

13.12. Ruby Elinn Lohoff
(døypst ved fjorden)
01.02. Elias Gjerde-Hansen
15.03. Jon Kaland Sylte

Døde:

13.11. Ole Inge Hoem
14.02. Halldis Ingrun Bjermeland

01.03. Signe Hestnes
03.03. Kjellaug Ødegård

Vike kyrkje

Døypte:

08.02. Birk Gravem Volle

Døde:

26.03. Aslaug Balstad

Fiksdal kyrkje

Døypte:

22.02. Tobias Strand Aas

Døde:

18.11. Willy Hansen
03.04. Oddvar Gjelstenli

Vågstranda kyrkje

Døypte:

18.01. Olivia Talberg Brenne
08.03. Mathea Øverås-Lid

Døde:

27.11. Oddvar Arnfinn Hjelvik
12.12. Annlaug Solheim

Vil du vere med og støtte etablering av ein namna minnelund for urner på Vestnes kyrkjegard?

Vipps valfritt beløp til: 41120
Eller bruk konto: 4056.20.37154
Merk innbetalinga: Støtte til minnelund

Alle bidrag går til etableringa av minnelunden. Innbetalingane går til Vestnes sokneråd, som overfører midlane til Vestnes kyrkjelege fellelsråd når aksjonen er avslutta.

Les meir på: www.vestnes.kyrkja.no



GUDSTENESTER I VESTNES

Oversikt over gudstenestene er også å finne i Vestnesavisa og Bygdebladet. I tillegg kan de til ei kvar tid finne oversikta på heimesida til kyrkja: www.vestnes.kyrkja.no.

02. mai – Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 10.30 og 12.30
Konfirmasjonsgudsteneste for Tomrefjordkonfirmantar.
Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

03. mai – 5. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Felles økumenisk gudsteneste.
Takkoffer til Misjon uten grenser.

06. mai – Onsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Ung Messe, Vestneskonfirmantar.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Ung Messe for Tresfjord, Vike og Vågstrandakonfirmantar.
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

09. mai – Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjon. Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

14. mai – Kr. himmelfartsdag

Vestnes kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjon. Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjon. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

17. mai – Nasjonaldagen

Fiksdal kyrkje kl. 10.00
Gudsteneste. Takkoffer til Kyrkjebladet.

Tresfjord kyrkje kl. 10.00

Gudsteneste. Takkoffer til eige barne- og ungdomsarbeid.

Vike kyrkje kl. 11.30

Gudsteneste.
Takkoffer til Redd Barna.

Vestnes kyrkje kl. 11.45

Gudsteneste. Takkoffer til Sjømannskirken.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste. Takkoffer til KRIK Vestnes.

23. mai – Laurdag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjon. Takkoffer til Kyrkjestova.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Konfirmasjon.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

24. mai – Pinsedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Felles høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til 13+.

07. juni – 2. s. i treeiningstida

Korsstøneset kl. 12.00
Felles friluftsgudsteneste.
Takkoffer til Akerlehaugen.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldssong. Takkoffer til Kirkens bymisjon Møre.

14. juni – 3. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Kirkens SOS i Norge.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.
Takkoffer til Kyrkjebladet.

21. juni – 4. s. i treeiningstida

Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00
Felles friluftsgudsteneste.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Inkluderingsgudstjeneste.

28. juni – 5. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Felles høgmesse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Listen fortsetter på neste side.

05. juli – Aposteldagen

Vike kyrkje kl. 11.00

Felles høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

12. juli – 7. s. i treeiningstida

Stall Kjersem kl. 16.00

Felles friluftsgudsteneste.

Takkoffer til misjonsprosjektet.

19. juli – 8. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Felles høgmesse. Takkoffer

til Norges KFUK-KFUM.

29. juli – Olsok

Tresfjord kyrkje kl. 15.00

Felles Olsokgudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

02. august – 10. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Felles høgmesse.

Takkoffer til Sjømannskirken.

09. august – 11. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Felles Høgmesse.

Takkoffer til 13+.

16. august – 12. s. i treeiningstida

Bårdsnesosen kl. 12.00

Felles friluftsgudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

23. august – 13. s. i treeiningstida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Felles høgmesse. Takkoffer til 13+.

30. august – Vingardssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til

Det norske Misjonsselskap.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til

eigen kyrkjelyd.

06. sept. – 15. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med

konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

13. sept. – 16. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Hautttakkefest med

Utd. til 4-åringar og 1. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Hautttakkefest med konfirmant-

presentasjon. Utd. til 4-åringar og 1.

klasse. Takkoffer til jubileumsbok

for Tresfjord sokn.

20. sept. – 17. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Hautttakkefest med konfirmant-

presentasjon. Utd. til 4-åringar

og 1. klasse. Takkoffer til IKO.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse med

konfirmant-presentasjon.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

27. sept. – 18. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Hautttakkefest for Vike

og Vågstranda sokn.

Konfirmantpresentasjon (Vågstr).

Utd. til 4-åringar og 1. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

04. okt. – 19. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Felles misjonsgudsteneste.

Takkoffer til misjonsprosjektet.

11. okt. – 20. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til

Kirkens bymisjon Møre.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til

Bibelselskapet.

25. okt. – Bots og bededag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Bots- og bønnedagsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Bots- og bønnedagsgudsteneste.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

01. nov. – Alle helgensdag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Kirkens SOS.

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Minnegudsteneste. Takkoffer

til diakoniarbeidet i soknet.

Vike kyrkje kl. 13.00

Minnegudsteneste. Takkoffer

til diakoniarbeidet i soknet.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Minnegudsteneste. Takkoffer

til diakoniarbeidet i soknet.

Vågstranda kyrkje kl. 17.00

Minnegudsteneste. Takkoffer

til Kirkens Bymisjon Møre.

08. nov. – 24. s. i treeiningstida

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 11.00

Familiegudsteneste med Lys

vaken for Vestnes og Tomrefjord.

Takkoffer til Redd Barna.

15. nov. – 25. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Lys vaken gudsteneste, felles

opplegg for Tresfjord, Vågstranda

og Vike. Takkoffer til

trusopplæring i soknet.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

22. nov. – Kristi Kongedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

28. nov. – Laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Adventsong. Lys vaken og

utd. til 5. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

29. nov. – 1. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Felles høgmesse. Takkoffer

til Strømmestiftelsen.

VIPPSNR. FOR OFRING:

Vestnes sokn:
108523

Vike sokn:
89676

Tresfjord sokn:
513574

Fiksdal sokn:
555355

Vågstranda sokn:
502022